

Databehandlaravtale etter personopplysningslova

Databehandlaravtale

I samsvar med personopplysningslova § 13, jf. § 15 og personopplysningsforskrifta, kapittel 2.

mellom

Lindås kommune

.....

behandlingsansvarleg

og

Knarvik Industri og Miljø AS

.....

databehandlar

1. Bakgrunn for avtalen

Bakgrunn for avtalen er å regulere rettar og plikter etter Lov av 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysningar (personopplysningslova) og forskrift av 15. desember 2000 nr. 1265 (personopplysningsforskrifta). Avtalen skal sikre at personopplysningar om dei registrerte ikkje vert brukt urett, eller kjem urettkomne i hende.

Avtalen regulerer databehandlar sin bruk av personopplysningar på vegner av den behandlingsansvarlege, under dette innsamling, registrering, samanstilling, lagring, utlevering eller kombinasjonar av desse. Jf. ny personvernforordning/ ny personvernlov («Personvernloven»), som trår i kraft pr. 1. juli 2018. Jf. Artikkel 28 om databehandlar.

2. Formål

Føremålet i avtalen er å sikre at elektronisk og papirbasert behandling av personopplysningar og eventuelle helseopplysningar blir tilstrekkeleg ivaretatt. Avtalen skal sikre at krav til konfidensialitet, integritet, tilgjengelighet og kvalitet vert ivaretatt i høve pasientjournallova §§ 22 og 23 personopplysningslova § 13, personalopplysningsforskrifta §2-15.

Databehandlaravtalen gjeld for utøving i teneste kommunalt finansierte tiltak, og andre kommunale tiltak hjå Knarvik Industri og Miljø AS som krev behandling av følgjande personopplysningar: Personlege opplysningar og særlege kategoriar av personopplysningar på deltakarar i kommunal finansierte tiltak og andre kommunale tiltak hjå Knarvik Industri og Miljø AS som databehandlar treng for å kunne utføre tenester for behandlingsansvarleg. (jf. Art. 6 b og 9 a. i GDPR-forordninga)

- Fornamn, etternamn
- Fødselsdato
- Adresse
- Telefonnummer
- Namn på pårørande/verje /samarbeidsinstansar/fastlege
- Andre relevante helseopplysningar
- Eventuelle relevante opplysningar om etnisitet og sosial ståstad

Tenestemottakar:

- Fornamn, etternamn
- Fødselsdato
- Adresse
- Telefonnummer
- Namn på pårørande/verje /samarbeidsinstansar/fastlege
- Andre relevante helseopplysningar
- Eventuelle relevante opplysningar om etnisitet og sosial ståstad
- Kontonummer
- Skatteopplysningar
- Påleggstrekk

Føremålet med behandling av nemnde personopplysningar er at tilsette ved Knarvik Industri og Miljø AS skal utøve dei tenestene som er definert i avtalen mellom partane om tiltaket. M.a. å utarbeide arbeidsavtalar, skrive rapportar, samt samarbeide med anna tenesteapparat og leggje til rette for arbeidstilhøva for tenestemottakar.

Både tenestemottakar og eventuelt den som rettmessig representerer tenestemottakar er informert om kva personopplysningar som vert behandla og samtykkjer ved sin signatur på søknadsskjema og arbeidsavtale og samtykkeerklæring til denne behandlinga.

Informasjonen vert lagra i Knarvik Industri og Miljø AS sitt fagprogram WIS tiltak, samt i dokumentarkivet (papirarkiv). Databehandlar avtalar nærare med systemleverandørar om prosedyrar for registrering, endring og sletting. Knarvik Industri og Miljø AS nyttar følgjande eksterne leverandørar:

- Skyløsning og e-postsystem: NH Ikt
 - Rekneskap og lønn: Hagel
 - Fagprogram og journalsystem: WIS Tiltak
 - Heimeside Tom Atle Bordevik – Braign *
- * Ny leverandør av heimeside er til vurdering)

Databehandlar pliktar å ha rutinar for sletting og endring av personopplysningar i samsvar med krava i GDPR-forordninga. Slettefrist er 4 veker etter sluttdato.

3. Databehandlar sine plikter

Databehandlar skal følgje dei rutinane og instruksane for behandlinga som behandlingsansvarleg til ei kvar tid har bestemt skal gjelde.

Databehandlar pliktar å gje behandlingsansvarleg tilgang til sin sikkerheitsdokumentasjon, og vere til hjelp, slik at behandlingsansvarleg kan ta hand om sitt eige ansvar etter lov og forskrift.

Behandlingsansvarleg har, med mindre anna er avtala eller som følgje av lov, rett til tilgang til og innsyn i personopplysningane som vert behandla, og systema som vert nytta til dette føremålet. Databehandlar pliktar å gje naudsynt hjelp til dette.

Databehandlar har teieplikt om dokumentasjon og personopplysningar som vedkommande får tilgang til som følgje av denne avtalen. Dette gjeld også etter opphøyr av avtalen.

4. Bruk av underleverandør

Dersom databehandlar nyttar underleverandørar eller andre som ikkje normalt er tilsett hjå databehandlar, skal dette avtalast skriftleg med behandlingsansvarlege før behandlinga av personopplysningane tar til. Ansvar: Knarvik Industri og Miljø AS (Eige vedlegg til avtalen).

Alle som på vegner av databehandlar utfører oppdrag der bruk av dei aktuelle personopplysningane inngår, skal vere kjend med databehandlar sine avtalemessige og lovmessige plikter, og oppfylle vilkåra etter desse.

5. Avvik

Databehandlar skal ha eit system for behandling av avvik. Avviksmelding etter § 2-6 i personopplysningsforskrifta skal skje ved at databehandlar melder avviket til behandlingsansvarleg, snarast råd og seinast 48 timar etter at avviket er oppdaga.

Behandlingsansvarleg har ansvaret for at avviksmelding blir sendt til Datatilsynet.

6. Tryggleik

Databehandlar skal oppfylle dei krav til tryggleikstiltak som er stilt etter personopplysningslova og personopplysningsforskrifta, særleg personopplysningslova sin §§ 13 – 15 med forskrifter og i tråd med GDPR forordninga når den trer i kraft. Databehandlar skal dokumentere rutinar og andre tiltak for å oppfylle desse krava. Dokumentasjonen skal være tilgjengeleg dersom behandlingsansvarlege spør etter den.

7. Tryggleiksrevisjonar

Behandlingsansvarleg skal avtale med databehandlar at det med jamne mellomrom blir gjennomført tryggleiksrevisjonar for system og liknande som er omfatta av denne avtalen.

Databehandlingsansvarleg har rett til å la ein tredje part revidere databehandlar sin informasjonstryggleik. Kostnaden med dette skal dekkast av databehandlaransvarleg.

Revisjonen omfattar gjennomgang av rutinar, stikkprøvekontrollar, meir omfattande kontroll på staden og andre eigna kontrolltiltak.

8. Varigheit

Avtalen gjeld så lenge databehandlar behandlar personopplysningar på vegner av behandlingsansvarleg. Avtalen må likevel erstattast når Alver kommune er etablert.

Ved brot på denne avtalen eller personopplysningslova, kan behandlingsansvarleg pålegge databehandlar straks å stoppe vidare behandling av opplysningar.

9. Ved opphøyr

Ved opphøyr av denne avtalen pliktar databehandlar og eventuell 3. part å levere tilbake alle personopplysningar som er mottekne på vegner av den behandlingsansvarlege, og som vert omfatta av denne avtalen.

Ved opphøyr skal databehandlar slette eller forsvarleg destruere alle dokument, data, diskettar, cd-ar med vidare som inneheld opplysningar som er omfatta av avtalen. Dette gjeld også eventuelle sikkerheitskopiar.

Databehandlar har ikkje rett til å ta vare på kopiar av personopplysningar, verken i papir eller elektronisk, med mindre slike opplysningar skal oppbevarast etter lov.

Databehandlar skal skriftleg dokumentere at sletting og/eller destruksjon har skjedd i tråd med avtalen innan rimeleg tid etter opphøyr av avtalen.

10. Teieplikt

Alle som behandlar personopplysningar som nemnd i denne avtalen er underlagt teieplikt. Teieplikta gjeld også for opplysningar om korleis tryggleiken er ivaretatt. (Teknisk, fysisk, administrativt og organisatorisk)

Databehandlar og eventuell tredje part er bunde av den same teieplikta også etter at avtaleforholdet er avslutta for opplysningar som er behandla.

11. Lovvalg og verneting

Avtalen er underlagt norsk rett og partane vedtar Bergen tingrett som verneting. Dette gjeld og etter opphøyr av avtalen.

Denne avtalen er i 2 – to eksemplar, ein til kvar part.

Stad og dato

Behandlingsansvarleg

.....
(underskrift)

Databehandlar

.....
(underskrift)